



Bergen og omegn rørinstallasjon as  
Kanalveien 54  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/2434 - 15/17532

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
24.09.2015

## Godkjenning - GBNR 22/242 - Endringsløyve ved oppføring av einebustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 343/2015**

**Tiltakshavar:** Nesttun Byggconsult AS  
**Ansvarleg søker:** NHB Bolig Vest AS  
**Søknadstype:** Søknad om endring av løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1, jf § 20-3

### SAKSUTGREIING:

#### Godkjent tiltak og endringssøknad:

Meland kommune gav 9.12.2013, delegert vedtak 496/2013, løyve til oppføring av einebustad på gbnr 22/242 i samsvar med søknad i eitt trinn stempla motteke i kommunen 2.10.2013. Det vert no søkt om endringar i dette løyvet. Endringane gjeld ny tiltakshavar, nye ansvarsrettar og mindre fasadeendringar etter konkursen i Walde Hus AS.

Vidare vert det vist til søknad om tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsnett frå Bergen og Omegn rørinnstallasjon AS journalført 4.9.2015.

#### Planstatus og dispensasjon:

Gbnr 22/242 er i *Reguleringsplan for Mjåtvitmarka* (planid 12560060002) avsett til frittliggjande småhusbusetnad innanfor planområde B20-fs. Omsøkte endringar er i samsvar med planføremålet.

#### Nabovarsling:

---

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Endringssøknaden vart nabovarsla 19.8.2015 i samsvar med pbl § 21-3, andre ledd. Det ligg ikkje føre merknader.

**VURDERING:**

Endringar i løyvet frå 9.12.2013:

Meland kommune har ikkje merknader til eigarskifte og ny tiltakshavar. Omsøkte mindre fasadeendringar på bygget endrar ikkje bygget si karakter eller administrasjonen sine vurderingar av funksjon, utsjånd og estetikk, jf pbl §§ 29-1 – 29-4, og vedlagt nytt situasjonskart, samt fasade- og profilteikningar stempla godkjent 24.9.2015. Bygget skal oppførast og plasserast i samsvar med dette.

Det er søkt om følgjande nye/endra ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningssområde:
Bergen og Omegn rørinnstallasjon AS Org.nr 994 882 015 Sentral godkjenning	PRO, utv. stikkledning og sanitæranlegg (tkl 1) UTF, utv. stikkledning og sanitæranlegg (tkl 1)
Norske Hus Boligsystem AS Org.nr 976 960 823 Sentral godkjenning	PRO, arkitekturprosjektering (tkl 1)
Magne Hope AS 918 366 016 Sentral godkjenning	UTF, grunn- og betongarbeid (tkl 1)
Ventilasjon Varme Teknikk AS Org.nr 986 852 603 Sentral godkjenning	PRO, klima og ventilasjonsteknikk (tkl 1) UTF, , klima og ventilasjonsteknikk (tkl 1)
NHB Bolig Vest AS Org.nr 913 601 742 Sentral godkjenning	SØK, resterende del av tiltaket (tkl 1)
Format Mur og Flis AS Org.nr 994 307 398 Sentral godkjenning	UTF, membran og flisarbeid, samt montering av pipe og ildsted (tkl 1)
Knarvik Bygg AS Org.nr 913 017 625 Sentral godkjenning	UTF, tømrararbeid og montering av trekonstruksjonar (tkl 1) Kontroll, Overordnet ansvar for kontroll av lufttetthet og membran (tkl 1)

Det vert vidare vist til oppdatert gjennomføringsplan vedlagt søknaden. Kommunen gjer merksam på at det er ansvarleg søker sitt ansvar og sjå til at alle naudsynte oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, jf SAK10 § 12-2.

Kommunen viser vidare til rettleiaren til byggesaksforskrifta (VSAK10) § 12-6 nr 1, som inneholder følgjande føresegns ved opphør av ansvar:

«Når ansvarlig foretaks ansvar opphører, skal det melde fra til ansvarlig søker, som skal melde fra til kommunen. Foretaket skal sikre dokumentasjon for det arbeidet som er utført fram til opphør innenfor sitt ansvarsområde, herunder samsvarserklæringer og kontrollererklæringer, og ivareta grensesnitt mot nytt ansvarlig foretak. Nytt ansvarlig foretak skal i søknad om ansvarsrett klargjøre det ansvaret dette foretaket påtar seg. Ved opphør av ansvar kan kommunen gi det ansvarlige foretaket pålegg om retting eller utbedring innenfor ansvarsområdet»

I fråvær av andre opplysningar i søknadene om ansvarsrett, legg kommunen til grunn at foretaka som har søkt om ansvarsrett tek på seg heile ansvaret innanfor omsøkte funksjons- og godkjenningsområde. Dersom dette ikkje er rett må kommunen få melding om det av ansvarleg søker.

#### Særskilt om tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsnett:

Meland kommune gav 9.12.2013, delegert vedtak 496/2013, løyve til oppføring av einebustad på gnr 22/242 i samsvar med søknad i eitt trinn stempla motteke i kommunen 2.10.2013. I same løyve vart det gjeve løyve til tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsnett for einebustaden. Kommunen handsamer difor søknaden om tilkopling som endringssøknad i høve til ansvarsrett, jf ovanfor samt godkjenning av ny situasjonsplan vedlagt søknaden.

#### **VEDTAK:**

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf § 20-, godkjenner Meland kommune omsøkte endringar i søknad motteke 4.9.2015. Det vert vist til situasjonskart-, fasade- og planteikningar stempla godkjent 24.9.2015.

Endring av tiltakshavar og ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf ovanståande.

Det vert elles vert vist til løyvet av 9.12.2013, som gjeld for tiltaket i den grad det ikkje er omfatta av føreliggjande endringsløyve.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Godkjente teikningar - GBNR 22-242  
Godkjente teikningar forts - Gbnr 22-242

**Mottakere:**

Bergen og omegn rørinstallasjon as NHB bolig vest	Kanalveien 54 Hagellia 6	5068 5918	BERGEN FREKHAUG
--	-----------------------------	--------------	--------------------